

---

Saksnr: 2021/51620-1  
Saksbehandlar: Elisabeth Hjelmervik  
Lofthus

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestland ungdomsutval		19.11.2021
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		01.12.2021
Fylkeseldrerådet		09.12.2021

**Høyring Handlingsprogram for folkehelse - medverknadsorgana**

Forslag til vedtak.

1. Medverknadsorgana gjev følgjande uttale til handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022-2025:

**Samandrag**

I tråd med sak og vedtak i Fylkesutvalet den 09. november skal handlingsprogram for folkehelse 2022 -2025 sendast på høyring og offentleg ettersyn. Forslag til handlingsprogram til dei to regionale folkehelseplanane vert lagt føre Vestland ungdomsutval, Fylkeseldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Vedlagt dette notatet finn de den nemnde saka frå møte i fylkesutvalet, som kan vere eit utgangspunkt for innspel. Dei fleste tiltaka i handlingsprogrammet er eigd av fylkeskommunen. Gjennomføringa av tiltaka er tenkt i samarbeid med kommunar, frivillig sektor, statlege og regionale aktørar. Medverknadsorgana vert inviterte inn i samarbeidet der råda ser dette som hensiktsmessig.

Paal Fosdal  
avdelingsdirektør

Synnøve Stalheim  
seksjonsleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## **Saksutgreiing**

### **Bakgrunn for saka**

I tråd med Utviklingsplanen for Vestland 2020 - 2024 skal dei to regionale folkehelseplanane vidareførast i inneverande planperiode med auka krav til gjennomføring. Utviklingsplanen føreset utvikling av eit nytt handlingsprogram for folkehelsearbeidet i Vestland som er meir strategisk innretta og som skal binde planane saman. Folkehelseplanane vart utvikla i 2014 og 2015. Mål og strategiar i dei regionale planane står fast i denne planperioden. Det er likevel teke omsyn til mål/strategiar frå utviklingsplanen, FN sine berekraftmål og nyare kunnskapsgrunnlag for folkehelse

Innrettinga i dei regionale planane er knytt opp til at innsats i ulike samfunnssektorar har stor påverknad på helsetilstand og fordeling av helse i befolkninga. Innsatsområda rettar seg mot helsefremjande samfunnsplanlegging og læring, nærmiljø og lokalsamfunn, arbeid, innsats for barn og unge og rammer for deltaking og fritid.

Forslag til nytt handlingsprogram som er utvikla i perioden mars - oktober 2021 ligg no føre. Dei fleste tiltaka er utvikla av Vestland fylkeskommune i tråd med at fylkeskommunen som samfunnsutviklar skal arbeide etter helse i alt prinsippet. Folkehelseeringen har derfor hatt ein sentral utviklarrolle for å sikre eigarskap innanfor fylkeskommunen sine ulike fagområde. Det har vore dialog med kommunane, folkehelseforum Vestland og Statsforvaltaren i Vestland. Rammene for handlingsprogrammet har vore presentert for dei fylkeskommunale medverknadsorgana. Ei viktig avgrensing har vore at tiltaka skulle utviklast i tråd med gjeldande målstruktur. Fleire av tiltaka treff medverknadsorgana sine arbeidsområde.

I samband med årlege rulleringar av handlingsprogram i tråd med retningslinjer under utvikling for Vestland fylkeskommune vil det verte høve til justering, evaluering og utvikling av nye tiltak. Det er eit mål å utvikle fleire samarbeidstiltak for åra som kjem.

I vedlegget i saka til Fylkesutvalet, er det gjort greie for rammene for arbeidet, arbeidsprosessar, dialog og medverknad og tidsplan: Det er også gjort greie for tiltaka i tiltaksdelen.

### **Offentleg høyring - høyringsside**

Handlingsprogrammet vert å sende på høyring til kommunar, statlege etatar og andre i perioden 12.11.21 - 12.01.22. Handlingsprogrammet er planlagt vedteke i fylkestinget i 2022. Dei fylkeskommunale medverknadsorgana vert invitert til innspel.

### **Vedtakskompetanse**

Medverknadsorgana sine oppgåver er regulert under punkt 2. Oppgåver, i reglement for medverknadsorgana. Der står det blant anna følgjande: a. Medverknadsorgana kan innfor sitt arbeidsområde: Gi uttale til regionale planar som angår eldre, personar med funksjonsnedsetting og ungdom.

### **Vurderingar og verknader**

Økonomi: Handlingsprogrammet inneheld mange ulike tiltak med ulike tiltakseigarar og finansieringskjelder. Fagavdelingane har ansvar for å legge tiltaka inn i fylkeskommunen sitt budsjett og/eller økonomiplan. Dei fleste av tiltaka er tenkt finansiert innanfor budsjetta til fagavdelingane i fylkeskommunen. Finansiering av nokre tiltak må vurderast ved seinare budsjettprosessar. Når tiltak er finansiert med eksterne midlar er dette nemnd særskilt.

Klima: Fleire av tiltaka i handlingsprogrammet gir positive vinstar for både folkehelse og klima.

Folkehelse: Handlingsprogrammet skal styrke det strategiske folkehelsearbeidet i Vestland.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024: Tiltaket er ei oppfølging av utviklingsplanen og regionale planar for folkehelse, og skal bidra til å setje retning for utviklinga i Vestland på folkehelsefeltet. Handlingsprogrammet skal bidra til regional medverknad og samhandling, og har meirverdi for dei vi samarbeider med - kommunar, organisasjonar med fleire.

### **Konklusjon**

Målet er at tiltaka i handlingsprogrammet for folkehelse 2022 - 2025 skal bidra til auka felles innsats i folkehelsearbeidet i Vestland. Utforminga av tiltaka syner at det ligg godt til rette i Vestland for samarbeid om utvikling med kommunar, kunnskapsmiljø, frivillige aktørar og andre.

Handlingsprogrammet inneheld mange tiltak i regi av mange ulike tiltaksutøvarar. Det er utvikla god eigarstruktur for tiltaka og potensiale for gjennomføringa er vurdert som god. Fleire av tiltaka er innanfor medverknadsorgana sine arbeidsområde. Målet med høyringa er å fange opp ev justeringar knytt til forslag til tiltak og mogeleg samarbeid.

**Vedlegg**

1: protokoll frå møte i Fylkesutvalet den 09.11.21

2: sak til møte i fylkesutvalet den 09.11.21

2: høyringsdokument Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022-2025